

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fjord kontrollutval  
**Møtestad:** kommunestyresalen, Rådhuset  
**Dato:** 02.02.2026  
**Tidspunkt:** kl. 10:00 - 11:45

---

### Følgjande medlemmer møtte

Anders Jørgen Gjerde  
Annrid Margrete Nerhus  
Johan Arnt Overøye  
Jonas Falch  
Tanja Mathiesen

### Møtenotat

Frå administrasjonen deltok kommunedirektør Bjørn Inge Ruset og personalsjef Marius Andre Moe under handsaminga av orienteringsak 01/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjon personalforvaltning.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA deltok oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik.

Johan Arnt Overøye  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/26 Orienteringar
- OS 01/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjon personalforvaltning
- PS 03/26 Rapport etter interimrevisjon 2025
- PS 04/26 Handsaming av prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - rettar og kvalitet i opplæringa.
- PS 05/26 Deltaking i felles bestilling av forvaltningsrevisjon  
Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS
- PS 06/26 Årsmelding 2025

## **PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Fjord kontrollutval 02.02.2026**

### **FKU 01/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 02/26 Orienteringar**

**Fjord kontrollutval 02.02.2026**

### **FKU 02/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

### **Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

## **OS 01/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjon personalforvaltning**

**Fjord kontrollutval 02.02.2026**

### **FKU 01/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Fjord kontrollutval er godt fornøgd med orienteringa frå kommunedirektøren og personalsjefen og meiner at denne er i tråd med vedtaket frå kommunestyret. Kontrollutvalet kan difor avslutte arbeidet med forvaltningsrevisjonen av personalforvaltning. Vedtaket blir å senda kommunestyret som melding.

### **Behandling i møtet**

Nytt punkt2, foreslått av Johan Arnt Overøye:

Fjord kontrollutval er godt fornøgd med orienteringa frå kommunedirektøren og personalsjefen og meiner at denne er i tråd med vedtaket frå kommunestyret. Kontrollutvalet kan difor avslutte arbeidet med forvaltningsrevisjonen av personalforvaltning. Vedtaket blir å senda kommunestyret som melding.

Personalsjefen gav kontrollutvalet ein grundig gjennomgang av dei punkta som låg i vedtaket frå Fjord kommunestyre. Han vart supplert av kommunedirektøren som og fortalde korleis leiinga i administrasjonen jobba med oppfølginga. Kontrollutvalet fekk høva til å stilla spørsmål og diskutera dei ulike punkta i kommunestyret sitt vedtak.

Samrøystes vedteke.

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

## **PS 03/26 Rapport etter interimrevisjon 2025**

**Fjord kontrollutval 02.02.2026**

#### **FKU 03/26 Vedtak:**

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

#### **Behandling i møtet**

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram presenterte interimrevisjonen og gjekk gjennom kvart hovedemne. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Samrøystes vedteke.

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

## **PS 04/26 Handsaming av prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - rettar og kvalitet i opplæringa.**

## **Fjord kontrollutval 02.02.2026**

### **FKU 04/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og rettar i grunnskulen i Fjord kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

### **Behandling i møtet**

Forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik presenterte planen og fokuserte på moglege problemstillingar i ein ny forvaltningsrevisjon innan rettar og kvalitet i opplæringa. Han vil halde kontrollutvalet oppdatert på arbeidet med rapporten gjennom 2026.

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og rettar i grunnskulen i Fjord kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

## **PS 05/26 Deltaking i felles bestilling av forvaltningsrevisjon Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS**

## **Fjord kontrollutval 02.02.2026**

### **FKU 05/26 Vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Fjord kommune vil delta i ein felles bestilling av forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjon rapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Fjord kommune sin andel vert finansiert av budsjettett ramme for revisjonstenestar 2026.
4. Fjord kontrollutval har ingen kommentarar/følgande kommentarar til bestilling av forvaltningsrevisjon.

**Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

**Sekretariatet si innstilling:**

1. Kontrollutvalet i Fjord kommune vil delta i ein felles bestilling av forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjon rapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Fjord kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenestar 2026.
4. Fjord kontrollutval har ingen kommentarar/følgande kommentarar til bestilling av forvaltningsrevisjon.

**PS 06/26 Årsmelding 2025****Fjord kontrollutval 02.02.2026****FKU 06/26 Vedtak:**

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2025. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

**Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

**Sekretariatet si innstilling:**

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2025. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.